

RAPPORT UEMS-EBDV 2019

UEMS (Union Européenne Des Médecins Spécialites - European Union of Medical Specialists)
EBDV European Board of Dermato-Venereology

UEMS representerer dei nasjonale medisinske foreiningane i Europa og har 34 medlemsland. Kvar spesialitet har sin eigen underforeining, 43 i talet. Kvart medlemsland vel to delegatar frå kvar av dei dei nasjonale spesialistforeiningane. Dei norske representantane i EBDV er Øystein Grimstad og Turid Thune.

UEMS-EBDV arrangerer to årlege møte, eitt vårmøte over to dagar og eit kort haustmøte under EADV. Turid Thune deltok på vårmøtet på Malta 05.-06.04.19. Øystein Grimstad møtte på haustmøtet i Madrid 11.10.19.

UEMS arbeider for å harmonisere spesialistutdanninga i Europa slik at spesialistane fritt kan få arbeid på tvers av landegrensene. UEMS-EBDV har utarbeidd ein mal for spesialistutdanninga som er føreslått innført i alle land. UEMS kan tilrå at denne malen blir innført, men har ingen mynde til overfor dei nasjonale helsemyndighetene.

EBDV har fleire sub-kommisjonar (Board Examination and Training Requirements, Telemedicine and E-health, STI, Guidelines, Wound Healing, Allergology). Noreg er ikkje representert i nokon av dei.

UEMS-EBDV arrangerer Europeisk spesialisteksamen ein gong i året. Eksamen er elektronisk, går over to dagar og blir arrangert i august i Frankfurt. Eksamen kostar 550 Euro for kandidatar frå land som er medlem i UEMS, 750 Euro for andre. I 2019 var det 107 kandidatar, 64 frå land utanfor Europa, dei fleste frå ulike land i Midt-Austen. Sveits hadde innført eksamen som obligatorisk for spesialistkandidatane, men har no laga sein eigen eksamen i staden. EBDV ynskjer fleire europeiske deltakarar og ynskjer at dei nasjonale foreiningane skal tilrå spesialistkandidatane å ta eksamen. Det har komme ein del kritikk mot forma eksamen har i dag, og det har komme inn forslag til modernisering og forbetring. Poolen av spørsmål er heller ikkje stor nok, og medlemslanda blir oppmoda om å sende inn oppgåver (MCQ).

Turid Thune